

Bakgrunn, mål og kriterium for val av pilotprosjekt

Bakgrunn

Verdiskapingsprogrammet er forankra i Stortingsmelding nr. 16 (2004-05) *Leve med kulturminner* (kapittel 6) og Stortinget si behandling av meldinga.

Sjå nettstaden <http://www.odin.dep.no/md/norsk/dok/regpubl/stmeld/022001-040024/dok-bn.html> på ODIN for å sjå heile meldinga på nett og for ytterlegare informasjon om innstillinga til energi- og miljøkomiteen og behandlinga i Stortinget.

Målet med eit verdiskapingsprogram på kulturminneområdet er å:

- bidra til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv
- utvikle modellar for samarbeid mellom viktige offentlege utviklingsaktørar, næringsliv, FOU-miljø, eigarar, dei som har rettar, musea og frivillige organisasjonar
- utvikle og spreie kunnskap om korleis bærekraftig bruk av kulturminne og kulturmiljø fremmer næringsutvikling og styrker lokalsamfunn og regionar
- klargjere kva slags føresetnader som må være til stades, og avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernast, for å fremme verdiskaping og sikre at fleire kulturminne og kulturmiljø blir tekne vare på

Kriterium for val av pilotprosjekt

Det skal veljast ut pilotprosjekt i inntil ti geografiske område. Kysten er eit særleg satsingsområde i kulturminnemeldinga, men tilknytning til andre satsingsområde som byar og tettstader og landbruket sitt kulturlandskap er òg ønskjeleg.

Det vil bli lagt vekt på at pilotprosjekta

- har eit vesentleg potensial for verdiskaping og vil gi ein målbar effekt
- er godt forankra lokalt og regionalt i politiske organ og inngår i lokale eller regionale strategiar for verdiskaping, omstilling og utvikling av lokalsamfunn
- omfattar samarbeid mellom offentlege aktørar, eigarar, næringsliv, museum og frivillig sektor med sikte på å utvikle vitale og framtidsretta nettverk
- utløyser ressursinnsats og medfinansiering frå andre, mellom anna lokale og regionale utviklingsmiddel, privat kapital og dugnad. Her vil mellom anna middel til næringsutvikling i landbruket som forvaltast av Innovasjon Noreg og Fylkesmennene kunne bidra.
- samverkar med og nytter relevante erfaringar frå andre prosjekt, program og verkemiddel innafor andre sektorar (til dømes næringsutvikling, tettstadsutvikling, universell utforming, regional utvikling og omstilling, FOU, innan fiskeri, landbruk, utdanning og sosial og helse)
- medverkar til utvikling av røynsler og kunnskap som har overføringsverdi regionalt og nasjonalt

I valet av pilotprosjekt vil det bli lagt vekt på at pilotprosjekta samla sett medverkar til å oppfylle måla med programmet. Programmet vil verte gjenstand for evaluering og fylgjeforskning.

I 2006 startar òg eit arbeid med å styrke berekraftig lokalt miljøvern. Det kan vere aktuelt å sjå utviklingsprosjekt innanfor verdiskapingsprogrammet i samanheng med dette prosjektet, t.d. ved å inngå i nettverk for kunnskapsspreiing og formidling.

For ytterlegare informasjon kontakt:

- Berit Skarholt, Avdeling for kulturminneforvaltning, Miljøverndepartementet
tlf 22 24 60 99 berit.skarholt@md.dep.no
- Jostein Løvdal, Riksantikvaren, tlf 22 94 04 58 jostein.lovdal@ra.no